

17.09.2017

Plakatar som lettar på humøret.



Godt og viktig tilbod!

Vi kjenner dei tilsette på Spar Uskedalen som ein humørfylt gjeng. Dette opplever vi i butikken kvar dag, og vi har mellom anna sett det på artige videosnuttar og andre stunt på facebook-sida deira. I det siste har det også dukka opp plakatar i butikken som opplagt får oss til å dra på smilebanda og til å letta på humøret.

Eit døme er plakaten over som lokkar med gratistilbod på hyggeleg prat. Det gjeld til og med i heile opningstida frå kl.6 om morgonen til 22 om kvelden. Denne plakaten har lokka fram smilet på mange kundar, og truleg har den ført til enda fleire hyggelege samtalar på denne møteplassen der folk treffest og slår av ein god prat i triveleg miljø.

Ved tippeskranken er det også ein triveleg plakat som kan vera til klok trøyst for dei som har problem med å prikka inn gevinsten. 'Lukkeleg er den som ikkje sørger over kva han manglar, men gledar seg over kva han har,' står der å lesa på den.

Det er jammen triveleg å handla på Spar Uskedalen!



Ein god leveregel!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland